



Utskrift fra møteprotokoll

Møte i: **Arbeidsutvalget**

Dato: **23. mars 2018**

Sak: **AU-sak 30/18**

**Uttalelse vedrørende kommuneloven – forslag om å fjerne regionråd som navn
i kommuneloven**

Enstemmig vedtak:

Arbeidsutvalget i Salten Regionråd slutter seg til uttalelse fra regionrådet for Hallingdal vedrørende forslag om fjerning av regionråd som navn på politisk samarbeidsmodell, jfr. Prop. 46L (2017 – 2018).

Uttalelse fra Hallingdal regionråd:

Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven), Prop. 46 L (2017-2018)
Forslag om fjerning av regionråd som namn på politisk samarbeidsmodell

Bakgrunn

På vegne av følgjande regionråd ynskjer me å klargjera våre argument mot fjerning av regionråd som namn på interkommunal politisk samarbeidsmodell:

.....
.....
.....
.....
.....
.....

Det er omlag 70 regionråd i Norge i dag, der dei fleste har eksistert i fleire tiår og der fleire har ei historie attende til 1950-talet. Ca. 1/3 har regionråd i namnet, og mange har særnamn som Hardangerrådet og Lofotrrådet.

I samband med Prop. 46 L (2017-2018) blir det reagert sterkt på forslaget om å fjerne regionråd som namn på vår politiske samarbeidsmodell.

Det blir argumentert for kvifor det er ynskjeleg å fjerne omgrepene, men det er ikkje drøfta eventuelle ulemper. I NOU 2016:4 var ikkje dette eit tema utover at det vart foreslått å nytte omgrepene regionråd. Ut frå dette vart heller ikkje bruk av regionråd noko tema i høyringsrunden.

Me vil her prøve å klargjera våre argument.

Identitet, historie

Dei fleste regionråda har ei lang historie, der det over tid er bygd opp eit namn, ein profil, ein identitet og ei forståing for eit interkommunalt politisk samarbeidsorgan.

Det blir hevda at ved å nytte «interkommunalt politisk råd» som nemning, så vil det skapa ei større forståing overfor innbyggjarane, av kva slags samarbeid det er.

Dette kan i teorien vera rett, men til sjuande og sist handlar dette om kor godt det blir informert om samarbeidet, korleis det blir marknadsført. Ingen har vore inne på tanken å endre t.d. kommunestyre til "kommunalt politisk råd" eller Storting til "nasjonalt politisk råd".



Etter vårt syn er dette fyrst og fremst ein ordstrid, der det kan verke som om regionråda sin identitet i eit lokalt perspektiv, blir noko undervurdert.

Forståing av regionråd

Departementet sitt andre argument er:

Departementet mener videre at det vil være uheldig å benytte regionråd på den foreslalte modellen da en del av de samarbeidene som i dag kaller seg regionråd, har oppgaver utover det å være interkommunale politiske samarbeidsorganer. Det forekommer i dag blant annet at regionråd har en rolle i tjenesteproduksjonen for deltakerkommunene. Departementet mener på denne bakgrunn at den foreslalte samarbeidsmodellen ikke bør kalles regionråd, men interkommunalt politisk råd.

Dette kan verke noko inkonsekvent all den tid det er føreslege ei innstramming slik at regionråd ikkje skal produsere tenester for innbyggjarane.

Dersom kommunene ønsker å samarbeide om å yte tjenester, må de derfor benytte en annen samarbeidsmodell.

Her vil vel kommunalt oppgavefellesskap, vertskommunesamarbeid, interkommunalt sel-skap, og aksjeselskap vera dei mest aktuelle. Ut frå dette er det vanskeleg å sjå at bruk av regionråd vil vera uheldig.

«Interkommunalt politisk råd»

Interkommunalt politisk råd for Hallingdal eller Interkommunalt politisk råd for Hardanger kling ikkje så bra som Regionrådet for Hallingdal eller Hardangerrådet. Det verkar svært nøytralt, nærmast kjedeleg.

Kostnadar

Dei fleste regionråda har etablert ein profil og ein logo, det er etablert nettsider og andre type sosiale media, det er utarbeida ulikt type informasjons og marknadsføringsmateriell. Mykje av dette vil måtte endrast dersom namn må endrast. Dette vil medføre til dels store kostnadar for mange regionråd.

Avslutning

I denne saka er det ei klar oppfatning at me ikkje er teke med på råd, i eit spørsmål som har mykje å seie lokalt og som fyrst og fremst gjeld det einskilde regionråd. Me håpar vår argumentasjon er viktig nok til at det ikkje blir eit pålegg om å nytte nemninga «interkommunalt politisk råd».

Beste helsing
Regionrådet for Hallingdal